



Valldal

## Styremøte i Valldal Bygdekvinnelag torsdag 23.januar kl. 18.00 på biblioteket

Til stades: Bjørg, Mette NV, May, Mette M, Magnhild.  
Forfall: Gerd

Bjørg opna møte og ønskte velkomen.  
Nytt år og nye moglegheiter med litt kaffi og prat før vi tok fatt på saklista.

### Saker

#### **19/25 Godkjenning av innkalling**

Innkallinga vart godkjent med nokre merknader;

- *leiar opplyste om at sak 21/25 vart utsett, og det same også for bildetaking av nytt styre.*

- *ønskje frå sekretær om at innkallinga blir sendt som wordfil av praktiske årsaker.*

#### **20/25 Gjennomgang av referat og tilbakemeldingar på vedtak i forrige styremøte**

Alle saker vart gjennomgått.

*Det blir gitt tilbakemelding til distriktsstyret om korleis tilsending av gevinstar frå adventskalenderen blir handtert.*

#### **21/ 25 Sansehagen, arbeid og økonomi**

Saka vart utsett sidan kasserar er sentral i korleis denne saka bør handterast.

#### **22/25 Info og evt drøfting vedr møte med Frivilligkoordinator Kristi**

Bjørg har delteke på eit felles møte med representantar frå ulike organisasjonar. Møtet handla om fredagskafeen og ev. sommarfest på sjukeheimen. Laga som er involvert i høve sommarfesten blir kalla inn til eit fellesmøte i mai.

VBK har ikkje vore med å arrangere fredagskafeen sidan laget er aktivt med på andre aktivitetar; (julelag, syng med oss, sansehagen).

*Sidan VBK bidreg på fleire måtar med aktivitetar gjennom året kjem vi ikkje til å involvere oss i sommarfesten. Bjørg melder frå om dette.*

### **23/25 Eige prosjekt – Skulekjøkken, vegen vidare**

Bjørg har snakka med kommunalsjefen om forslaget til prosjekt, som skulle vidareformidle til rektor ved skulen. Prosjektet handlar om div. oppgradering/fornyng av utstyr til skulekjøkkenet.

Dette må konkret jobbast vidare med, og det er nødvendig å sette ned ei prosjektgruppe. Mette tek kontakt med rektor for vidare oppfølging. Styret sitt forslag på samansetting av prosjektgruppe: Solveig og Mette NV. frå VBK, samt 1- 2 tilsette på skulen som har god kjennskap til behov for fornyng.

*Mette kallar inn til møte i prosjektgruppa og behov må skisserast og lagast ein prosjektplan knytt til behov, kostnad, framdrift m.m.*

### **24/25 Bygdekvinnekveld 28.januar**

Vertinnegruppe 1 har praktisk tilrettelegging.

Mette M har kontakta dei, og har kontroll på dette.

Innhald – styret er ansvarleg.

Det blir også lagt opp til ein gjennomgang av det som er utsendt frå sentralt hald.

### **25/25 Gjennomgang av vertinnegruppene**

Bjørg reviderar oppsettet frå november 2023 som blir vidaresendt til medlemmane.

### **26/25 Skal vi jobbe for gjennomføring av nokre av innkomne innspel frå årsmøte og kulturkvelder i bygda?**

Styret gjekk gjennom punkta som vart sett opp etter ønskje som kom fram i årsmøtet.

Det peika seg ut nokre alternativ som vi ønskjer å prioritere i første omgang:

- *Ny kontakt med Roger Severin Bruland, prøve å få til dette. Mogleg arrangementstad, Ungdomshuset i Fjørå. Solveig har tidlegare hatt kontakt med han, Bjørg oppdaterer henne på dette.*

- *Sigrid Moldestad; mogleg å planlegge det til hausten. Mette Marie følgjer opp.*

- *Besøk til eit anna lag; eks. Ørskog bygdekvinnelag og besøk hos Stolt Mat. Bjørg tek kontakt.*

- *Eit større prosjekt, skulekjøkkenet. Mette NV følgjer opp.*

- *Tur til våren. Dette må sendast vidare til turgruppa.*

### **27/25 Nytt frå NBK Prosjekt Friluftsglede og inkludering**

Mykje info som vert sendt ut frå sentralt hald.

Aktuelle teamsmøte blir følgde opp; viktig med oppdatering av medlemsregisteret.

(8.april).

### **28/25 Varm mat i Syltebøen barnehage**

Fått ein ny forespurnad om dette. Bjørg drog fram historikken og opprinneleg tanke bak.

Var meininga at nokon frå foreldregruppa skulle vere deltakande her.

Solveig lagde eit til eit forslag om kva måltid/rettar som kunne vere aktuelle og moglege å få til. Sist haust var dette prøvd ut to gongar, Solveig og Bjørg var deltakande kvar sin gong. Laget ser ikkje for seg at dei har kapasitet til å delta på dette på faste dagar. *Bjørg gir tilbagemelding om at vi ikkje har friviljuge til å delta vidare. Vi oppfordrar til at avdelingsleiar tek kontakt att med dei som engasjerte seg, i utgangspunktet foreldregruppa.*

### **29/25 Deltaking Distriktsårsmøte 15. og 16. mars i Ørsta**

Program er ikkje utsendt enno. Laga blir oppfordra til å kome med innspel til tema.

Tidlegare vedtak i styret frå 17.01.24 om refusjon for 3 utsendingar til årsmøtet.

Kjem tilbake til påmelding, då fristen ikkje er sett.

Leiar i tillegg til 1-2 personar kan delta.

### **30/25 Anna**

Det er innkalla til møte i Frivilligsentralen den 29.01. for planlegging av frivilligforum.

Bjørg deltek.

Møtet slutt kl 20.15

Magnhild

ref.